

Skibyksing i Ladalen

Historie etter svogeren min, Lars Hole Drabløs (Bøtel-Lars)

Det skulle vere hopprenn i Ladalen, og Lars skulle dit for å sjå på. Dette var i 30-åra eingong. På den tida laga dei hoppbakken til høgre for der slalåmløypene er i dag. Unnarennet var langt, så det var travelt for hopparane å gå opp til ovarennet, fortalde Lars.

Då Lars kom fram til La, kom Lars Martines ned på vegen og sa at Lars måtte gi beskjed til sonen, Sverre, at han ikkje måtte bykse (hoppe). Men Sverre ville gjerne prøve. Og det gjekk ikkje så bra, då han ikkje kom seg fram på kulen av bakken. Sverre vart ståande der ei lita stund før han rann ned unnarennet.

Eg veit ikkje om Sverre vart nokon hoppar seinare. Men faren, Lars Martines, visste vel at sonen ikkje hadde erfaring med å bykse med ski på beina.

MARGIT FET

Kapproing på Nysætervatnet

Fredrik Drabløs (f.1886 i Pållygarden på Fet), gift med Olave i Toregarden på Dravlaus, fortalde at han og broren, Sigvart Fedt (f.1897), deltok i kapproing på Nysætervatnet under Den 1. verdenskrigen (1914-1918)

- Øss var unge og sterke i den tida, og var vane med harde åretak på Fitjavatnet. Om somrane var øss flittige fiskarar der. Øss brukte færing når øss arbeidde uti Fitjagjerda med småhøyslått og vedhogst. Somme tider rodde øss ned åt Strauma for å handle.
- Eigentleg tenkte øss aldri på trening. Men øss vart sterke av all roinga. Derfor var det ikkje så rart at øss vann kapproinga på Nysætervatnet eit par gonger. Øss starta ytst ute der Ole T. Lied sette opp turisthytte, rodde inn til Vikeelva og ut att.
- Det var idrettslaget som stod for kapproinga.

Jostein Drabløs